

Anne Berit Aanestad

Nærbø, 19.12.2022
DokID: 2021004360

Oppdragsbrev til Tryggheim VGS

Til kjemi2 på Tryggheim vidaregåande skule,

Historisk har bekkane her på Jæren blitt ein del endra av jordbruket. Bekkens naturlege kurving og slake kantar har blitt endra. I tillegg er vatnet påverka av gjødslinga i jordbruket. Dette har gitt dårlege forhold for yngling for t.d. aure. Mange kommunar, Hå deriblant har gjort og gjer eit arbeid for å utbetra enkelte bekkar og elver. Dalabekken/Skjærpebekken er ein av desse bekkane. Arbeidet er mangfaldig og inkluderer blant anna å anlegga kulpar, leggja ut ynglegrus og fjerna rette steinsatte kantar og erstatta med hellingar. Me har og eit regelverk om regulerer kva tid og kor mykje ein skal gjødsle.

Vitengarden lurar på korleis vasskvaliteten i Dalabekken/Skjærpebekken er no etter arbeidet som er gjort. Me vil gjerne at de måler aktuelle parametre og på ulike lokasjonar i bekkene, både oppstraums og nedstraums for parkeringa til Vitengarden. Tenk over kva tid de vil måla, som t.d. etter gjødsling og i samanheng med nedbørsperiodar. Me vil gjerne ha ein rapport der de viser resultat og konkluderer på kva det har å seie for vasskvaliteta. Rapporten skal leverast til oss innan 25. mai 2023 eller avtalt tidspunkt.

Beste helsing

Helene Østby Larsen
avdelingsdirektør Vitengarden

Dokumentet er elektronisk godkjent, og treng derfor ikkje signatur.

Kopimottakar:
Silje Andreassen Berge